



Digitalt møte Sykkylven sokneråd 19.05.21 kl. 19.30

Desse deltok digitalt: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Therese Kristin Utgård, Simen N. Myklebust og Bjørg Djupvik Grebstad.

Varamedl.: Tor P. Mørkeseth

Forfall: Linn Kristin Tårnes og Morten Hjellegerde

May Lisbeth las songen « Sammen som kyrkje i hele verden» av Tore Thomassen og Coronabøna frå Luthersk verdensforbund.

Sak 14/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: *Innkalling og sakliste vart godkjent.*

Sak 15/21 Godkjenning av referat frå digitalt møte i Sykkylven sokneråd den 23.03.21

Vedtak: *Referatet vart godkjent.*

Sak 13/21 Godkjent i digitalt møte den 28.04.21.

Sak 16/21 Vegen vidare i trusopplæringsarbeidet

Sjå vedlagt saksframlegg

Ungdomsarbeidar og trusopplærar har sagt opp stillingane: siste arbeidsdag 31.07.21. Korleis skal vi prioritere vidare?

Vedtak: *Sykkylven sokneråd er samd med økonomiutvalet i å lyse ut ei 100% stilling innafor trusopplæringsarbeidet for barn- og unge (0 – 18 år) i Sykkylven – Ikorntes og at kontorsekretærstillinga blir tilbydt utvida med 15% el 20% som administrativ støttefunksjon i trusopplæringsarbeidet.*

Soknerådet vil vente med dei resterande stillingsprosentane til vi har fått på plass ungdomsarbeidar/ trusopplærar for å kunne ta omsyn til dekking av behov som då står att. Det kan også dukke opp ønske/behov innan andre delar av trusopplæringsarbeidet. Soknerådet ser viktigheita av arbeid tilrettelagt for både gutter og jenter.

For å kunne være med å styrke det frivillige arbeidet, ser ein som ein mulig veg å gå, å kunne lønne engasjement i små prosentar. Dette også med tanke på rekruttering til kyrkjelege stillingar.

Soknerådet vedtok også at meirforbruk «Sum felles fond» blir dekt inn årleg frå kvart av sokneråda i lys av medlemsandelen (22/78).



Pr. 31.12.2020 hadde Ikornnes sokn 1302 medlemmar og Sykkylven sokn 4743. Dette utgjer ei fordeling av ansvar på 22% frå Ikornnes og 78% frå Sykkylven.

Sak 17/21 Digitalt vedteken: Aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda»

Kort orientering : Aksjonsperiode:13.05.-24.06.

Aksjonen set vår eigen misjonsavtale i SMM på dagsorden.

Oppfordring frå bispedømet om å ta del i aksjonen.

Soknerådet oppfordrast til deltaking. Planlagt aksjonsdag 20.06.

m/gudsteneste. Soknerådet er positive til aksjonen, men er delt i synet om ein skal arrangere i tillegg til gudsteneste eller ikkje. Ein ynskjer ikkje å ta sjansar i forhold til smitte, eller arrangere noko som oppleves «umusikalsk» el gir kyrkja dårlig omdøme i forhold til fysisk samling denne tida.

Soknerådsleiar har vore og vil vere i dialog med kommunaleiinga. Gruppe frå stab og misjonsutval jobbar vidare med smitteverntilpassa markering for gudstenesta og ein eventuell «kirkekaffi» ute. Ei "smitteverntilpassa markering" kan bety at vi bør avlyse om situasjonen er slik. Vi ventar med ei endelig avgjerd.

Den digitale aksjonen kan vi uansett profilere på alle tilgjengelege digitale flater; skjermar, heimeside, facebook og kunngjeringar gudsteneste.

MERK:

Soknemøte/årsmøte og kort soknerådsmøte: 27.05.21 kl 18.00 Sykkylven kyrkje

Justert ordning hovudgudstenesta

Påfølgande kort soknerådsmøte med:

Innspel frå Soknemøte for gudstenesteordning.

Neste ordinære møte i SR planlagt til 8.juni